


Kartutsnitt og nærare informasjon om dei seks turmåla i SOMMARTRIMMEN 2018:

Turmål 1: Meisdalsstølen:




Fin sykkelturn frå Valdres skisenter på grusveg/kjerreveg, i overkant av 4 km. Følg vegen nordover frå Valdres skisenter mot Trølldalsmyre/Trugebakk (skilt ved innkjøring skisenteret) ca. 1 km til vegkryss. Følg skilting til Sandbakkin. Rett før du kjem til Sandbakkin kjem du inn på Kassetvegen. Denne følgjer du i retning Ljøsengstølen i litt over 2 km til du ser kassa på Meisdalsstølen 😊. Flott panoramautsikt mot Vestfjella og Jotunheimen mot slutten av turen.



Turmål 2: Skardåsen:



Kjør Svarthamarvegen austover frå Valdres Skisenter til Grøslia. Her står det turmålskilt på venstre side av veien. Følg skilta rute til Skardåsen.



Turmål 3: Hoksetberget:




Parker ved bommen aust for Valdres Skisenter. Følg grønne turmålskilt innover Jodokkvegen til Leirinløypa kryssar denne for andre gong. Ta då til høgre (er skilta her) og følg skitraseen eit stykke til nytt skilt som fortel at det er at 500 m til Hoksetberget. Resten av turen går på sti. Det er skilta heilt fram til målet, men pass på å følgje hovudstien rett fram. Det kjem ein sti inn frå venstre og det er ein kryssande sti før du er ved målet. **NB! Pass på små barn, stup ned frå berget i framkant!!!**



Turmål 4: Bjørnhovda:




Følg Svarthamarvegen til Hovdasvingen (skilt merka med Hovda står i denne svingen). Parker på lomme på høyre side av vegen etter skiltet. Stigen opp på Bjørnhovda går opp på venstre side av vegen litt aust for parkeringslomma. Kort tur med flott utsyn mot Tansberg, Skaget og Melladn.



Turmål 5: Skreolægerknatten:



Kjør Svarthamarvegen heilt inn til stølslaget Svarthamar. Etter å ha passert brua, kjør rett fram til første stølen. Der er det eit par lommer på venstre side der du kan få sett frå deg bilen. Gå innover så langt vegen går, ta inn på kjerreveg til venstre ved grinda til den innerste stølen. Følg merka DNT-sti om Smørhamar til Skreolægeret. Frå Skreolægeret er det merka med rosa lissar opp på knatten. Turen går i lett skogsterreng til oppstigning på knatten. Tidsbruk: 1,5-2 timar ein veg!



Turmål 6: Fullsennknatten:



Kjør Svarthamarvegen frå Valdres Skisenter til Hellestetbrua (skilta her), ta til venstre etter å ha kjørt over brua og følg denne vegen til Raneissstølen. Parkering ved dei øvste stølane. Følg traktorveg opp på høgda ovanfor stølane. Her går det sti inn til venstre som du følger til toppen.

